

Bok om toget som gjekk - og som kjem

Per Ivar Tautra har jernbaner som hobby. Han fatta interesse for jernbanebyen Stord, og så vart det bok.

For tolv år sidan skreiv han om Osbana, ei bok som lokalfolket kasta seg over. «Nye og gamle spor i Gruo - Jernbanelinje frå Stord» må vera viktig, for både rådmann og ordførar i Stord var til stades under lanseringa på Litlabø i går

– Eg skal lesa boka med iver og glede, lova ordførar Liv Kari Eskeland.

Lokalhistorie

Forfatter Tautra, som til dagleg har anna å sysla med i BKK, er så takksam for at nokon har vilja satsa på prosjektet hans at han gav bokmanuset som gåve til Venelaget for Gruo.

Heller ikkje Mediehuset Sunnhordland skal ha noko for fortene på boka. Overskotet skal hjelpe venelaget i det vidare arbeidet.



Forfatter Per Ivar Tautra (t.v.) og fotograf Tor Resser er hovudmennene bak «Nye og gamle spor i Gruo». Mellom dei er bjella på lokomotivet «Geito». Bjella varsla når toget nærma seg. Ho vart teken vare på av Georg Aase, og var ei gåve til venelaget tidlegare i år frå enkja hans.



Det har vore kjekt å gjera eit stykke nybrottsarbeid med denne tekniske kulturhistoria

Per Ivar Tautra

– Lokalavisa skriv lokalhistorie kvar dag, og det er ein del av samfunnsoppdraget vårt å gje ut historiske bøker frå tid til anna. Me har mellom anna medverka til ei bok som nyleg er komen ut om ferjene og ferjekaiane i regionen, med utgangspunkt i journalistisk stoff. Soga om gruvesamfunnet og jernbana på Litlabø kunne fort gått i gløymeboka. Det kan verta ei spennande utvikling om me forvaltar denne arven på rette måten vidare, seier Lars Mæland i mediehuset.

«Idylliske Lillebø»

Per Ivar Tautra har vore med i venelaget i fleire år:

– Stord har i si tid hatt ei moderne jernbane, og skal få det igjen – om ikkje moderne. Avisa Dagen i Bergen skreiv like før siste verdskrigen at «Jovisst må Lillebø vere det vakreste grubeanlegg i verden», og nemnde samstundes

det «30 HKs elektriske leketøistog» og det 3 km lange sporet frå sjøen og opp til gruve. «Synd at de bare frakter kis og ikke mennesker. Det vilde ha været i stil med hele stemningen å komme rullende frem til det naturskjønne næsten idylliske Lillebø i et slikt moderne lilleputtog...». Industribaner har me hatt mange stader i landet. I litteraturen har dei levd ein tornerosesøvn. Difor har det vore kjekt å gjera eit stykke nybrottsarbeid med denne tekniske kulturhistoria, sa Tautra.

– Gruvebana var ei av dei første elektriske banene i Noreg då det kom i drift i 1911. Sporet som gjekk i dagen var småtteri mot dei fleire mila med skjener som var fordelt på 16 gruveetasjar inne i fjellet.

Eg kom til Stord i 2002 og byrja intervjuja til boka året etter. I dag er diverre fleire av dei viktigaste informantane gått bort. Men det finst eit fantastisk rikhaldig og uvurderleg arkiv, fortalde han.

Godt lesestoff

Ordførar Eskeland – på veg til eit møte i Bergen om hurtigtog – trur den nye boka om jernbana vil verta ein slager

under juletreet. Sjølv dreg ho fram gruva og det den står for i alle samanhengar. Ho er stolt over gruvesamfunnet, og har tru på at det vil verta noko av det viktigaste Stord kan visa fram. Ordføraren tinga med det same 100 bøker til kommunen frå opplaget på 1.500 bøker.

Ivrige vener

I 1993 vart det planlagt å utnytta fjellhallane i gruva til konsertlokale, og å byggja opp att jernbana. Tore Lande Moe på Sunnhordland museum sa at mange rekna dette for å vera reine utopien, også då ideane vart relanserte eit par år seinare. Dei var nedfelte i den offentlege planen «Stord i utvikling», som ein del av eit statleg program for fem ein-sidede industrikommunar.

– Etter fleire initiativ med vekslande oppslutnad er det kome på plass eit aktivt venelag, og eg er uhyre imponert over kva det har fått til. Eg har sjølv vore inne i gruve og opplevd dei nesten som eit Dantes inferno. Men venelaget har fått tappa ut mykje vatn og fått tog på nye skjener. Visjonen er i ferd med å verta røyndom, sa Lande Moe.

Fotograf Tor Resser har gjort eit stort arbeid med å leggja gamle foto og teikningar til rette for trykking, i tillegg til at han har mange av sine egne foto i boka. Resser er på pletten med kamera kvar måndag for å dokumentera det vidare når venelaget har dugnad.

Forfatter Arnfinn Haga opnar boka med å fortelja korleis han og kameratane i barn-

domen «tjuvåkne» med den siste av dei åtte-ti vognene i toget. Då hende det at landskapet som for forbi vart til ugjestmilde fjellstrok i Nevada, der romanfigurane til Jack London hengde seg på monaleg større tog gjennom stasjonane.

OLAV BJØRKUM



Fint folk samla ved lanseringa av første jernbaneboka frå Stord. Frå venstre bokutformar Otto Ersland, ordførar Liv Kari Eskeland, Tore Lande Moe frå Sunnhordland Museum, forfatter Arnfinn Haga, rådmann Magnus Mjør, og Olav Hellefjord i Venelaget for Gruo.